



Liv Janne Drange  
Hopsdalsvegen 77  
5915 Hjelmås

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1002 - 22/82434

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
08.11.2022

## Varsel om synfaring - gbnr 193/2 - Mogleg forureining

### Orientering om synfaring på eigedomen 21.11.2022, klokka 13:00

Kommunen er gjort merksam på mogleg ulovleg oppbevaring av hestemøk på din eigendom med adresse Hopsdalsvegen 77, gbnr. 193/2. Vi har også motteke ei bekymringsmelding datert 28.10.22 om mogleg forureining av brønn. Det er her påvist koliforme bakteriar og E.Coli i brønnen.

#### Mynde:

Kommunen har, i henhald til forureiningslova § 48, ansvar for å føre tilsyn med forureining. Kommunen vil difor undersøke om tilhøvet er i strid med forureiningslova § 7, eller i strid med forureiningslova § 28.

Vi planlegg å gjennomføre ei synfaring på eigedomen din den **21.11.22, klokka 13:00**. I følgje forureiningslova § 50, som gjeld rett til granskning, skal kommunen ha uhindra adgang til eigedomen. Vi ber om at du møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi kan avklare saka nærare. Viss tidspunktet ikkje passer, ber vi om at du tar kontakt snarast for å avtale eit nytt tidspunkt.

Du har rett til å ha et vitne på staden. Du har rett til innsyn i sakas dokument i henhald til forvaltningslova §§ 18 og 19.

#### Kva forventar vi av deg før og under synfaringa?

Vi ber om

- at du møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi saman kan avklare saka nærare
- at du ikkje dekkjer til fyllinga/området
- at eventuell forureining i dette området blir stansa, og at du som grunneigar medverkar til dette

Frå kommunen vil det møte representantar frå Miljø- og tilsyn, landbruksavdelinga og miljøretta helsevern.

### **Retten kommunen har til å komme på synfaring**

Kommunen har rett til å komme på synfaring uten å bli hindra, jf. forurensingsloven § 50.

### **Har du spørsmål?**

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 462 99 440 eller på epost:

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

### **Aktuelt regelverk:**

- Kommunen har forureiningsmynde etter forureiningslova § 48
- Plikt til å unngå forureining eller ulovleg oppbevaring av avfall følgjer av forureiningslova §§ 7 og 28.
- Rett til gransking følgjer av forureiningslova § 50.
- Rett til innsyn i saka følgjer av forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Liv Janne Drange

Hopsdalsvegen 77

5915 Hjelmås